


Bestandsplan for Sunnfjord villreinområde

2024-2028



FORORD

Denne bestandsplanen er utarbeida av styret i Sunnfjord Reinsdyrslag i samarbeid med sekretæren i Villreinnemnda for Sogn og Fjordane som fagleg støtte. Planen er skriven i mars 2024 og sendt til villreinnemnda for godkjenning 25.mars.

Planen bygger på det som er tilgjengeleg av statistikk og data frå Hjorteviltregisteret, kvalitetsnormen og reinsdyrslaget sine egne registreringar. Her er brukt ein ny mal for bestandsplan som Norsk Villreinsenter har laga, som er tilpassa kvalitetsnorm for villrein.

Dette er ein noko konservativ plan. Den legg opp til ei gradvis og sakte forbetring. Erfaringsmessig tek dette tid og ein må ta høgde for uføresette hendingar. Med ein konservativ og forsiktig plan håpar vi at uventa hendingar og overraskingar heller går i positiv retning enn i negativ.

Planen ser heile villreinområdet og alle tre delområde under eitt. Fordeling av løyve og tilpassing av forvaltning mellom dei tre delområda må gjerast år for år. Det er og viktig at reinsdyrslaget kan justere planen undervegs dersom det er behov for det.

Mars 2024

Jan Ove Flaten og Alf Erik Røyrvik

Innhold

1	Om villreinområdet	4
1.1	Historikk	4
1.2	Områdebeskrivelse	4
1.3	Planperiode	4
1.4	Kunnskapsgrunnlag.....	4
1.5	Evaluering etter førre bestandsplanperiode	5
2	Kunnskapsgrunnlag og bestandsforhold.....	6
2.1	Minimumsteljingar	6
2.2	Slaktevekter	6
2.3	Kalvetellinger.....	7
2.4	Strukturteljingar	8
2.5	Genetisk variasjon.....	8
2.6	Helsestatus	9
2.7	Fellingsstatistikk	9
2.8	Beiteforhold	9
3	Mål for planperioden.....	10
3.1	Hovedmål.....	10
3.2	Mål for bestandsstorleik	10
3.3	Målsettingar for parametere i kvalitetsnormen	10
4	handlingsdel	11
4.1	Avskytingsplan	11
4.2	Andre tiltak:	11

1 OM VILLREINOMRÅDET

1.1 Historikk

Sunnfjord Reinsdyrslag vart skipa i 1968. Dei første reinsdyra kom til området vårt den 12. desember 1970. Det var tamrein i frå Valdres. Fyrste gong det var jakt i vårt område var i 1975. Det vart då tildelt 20 fellingsløyve. (alle bukkar)

Sunnfjord Reinsdyrslag er eit andelslag der ein må vere grunneigar eller ha beiterett i det aktuelle område for å få kjøpe andelar. Kwart bruk kan få inn til 2 andelar, men då må ein ha 2 skyldmark eller meir. Laget har i dag 650 andelar (lutar) fordelt på ca 400 grunneigarar. Dette er den fjerde plana som er laga for området.

1.2 Områdebeskrivelse

Sunnfjord Reinsdyrslag ligg i to kommunar, Sunnfjord og Askvoll. Det aller meste av området ligg i Sunnfjord kommune, i det som var Førde, Gaular og Jøster kommunar før samanslåinga i 2020. Ein del av det ytre delområdet går inn i Askvoll kommune.

Området har 529.797 dekar teljande areal.

Villreinområde er delt inn i tre delområde. Ytre delområde ligg mellom Førdefjorden og Dalsfjorden og er avgrensa i aust av E39. Midtre område ligg i fjella mellom Førde/Holsen og Viksdalen og er avgrensa av E39 i vest og vegen over Rørvikfjellet i aust. Indre delområde ligg i fjella mellom Jølster og Haukedalen og srrekker seg frå Rørvikfjellet i vest og innover til områda rundt Grovabreen.

Det er lite eller ingen kjent utveksling av dyr mellom delområda.

1.3 Planperiode

Bestandsplanen er ein femårig plan som gjeld for perioden 2024 til og med 2028.

1.4 Kunnskapsgrunnlag

Sunnfjord villreinområde er eit lite villreinområde som ikkje har tilgang til fast tilsette ressursar. Både oppsyn og teljingar vert utført av frivillige, og det set sine avgrensingar på kor ofte og grundig dette vert gjennomført.

Siste åra har vi hatt god hjelp av Norsk institutt for naturforskning (NINA) som gjennomfører kalveteljingar på sommaren for alle villreinområda. I tillegg bygger vi på teljingar som er gjennomført av lokale ressursar når dei kjem over rein, og på teljingar som oppsynet har gjort under og etter jakta.

Det er dessverre noko mangelfullt med strukturert innsamling og registrering av desse teljingane siste planperioden. Vi har derfor ikkje tatt med minimumsteljing og strukturteljing i denne bestandsplanen. Det er eit mål å ha dette talgrunnlaget på plass ved neste revisjon.

1.5 Evaluering etter førre bestandsplanperiode

Villreinområdet har av ulike årsaker ikkje hatt bestandsplan på nokre år. Vi går derfor tilbake til bestandsplan for perioden 2016-2018 for å finne målsetningar i førre periode.

Bestandsstorleik

Sunnfjord Reinsdyrslag hadde i førre periode eit mål om å ha ein vinterstamme på om lag 125 dyr totalt i dei tre delområda, men ei fordeling på:

Ytre delområde	- 22-27 dyr
Midtre delområde	- 45-55 dyr
Indre delområde	- 45-50 dyr

Siste minimumsteljing tyder på ein bestand på nett i overkant av 100 dyr. Fordelt på 30 dyr i ytre delområde, 40-45 i midtre og 26 i indre delområde. Det betyr at ein ligg litt under målet totalt sett, men over målet i ytre delområde og veldig nær målet i midtre. Ein må og ta høgde for at ein ikkje har klart å telle alle dyr.

- *Delvis oppnådd*

Samansetting

Det var og eit mål om å ha ei samansetting i stamma på:

Bukk 3,5 år og eldre	- 18-20 %
Bukk 1,5 og 2,5 år	- 12-15 %
Simle	- 45-55 %
Kalv	- 20 %

Med måten kalveteljingar på sommaren vert utført på, er det ikkje lett å kontrollere desse målsetningane direkte. I kalveteljinga i 2023 ser det ut til at målet på kalv er oppnådd, og det kan tyde på at andelen simle i bestanden og er i tråd med målsetninga. Det er vanskeleg å konkludere på andre bukk, sidan ein har ei litt anna fordeling i alder i målsetninga enn i teljingane, men ein ligg truleg noko under målsetninga særleg på eldre bukkar (om lag 20 % bukk 2,5 år og eldre totalt).

- *Delvis oppnådd*

2 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG BESTANDSFORHOLD

2.1 Minimumsteljingar

TABELL 1. MINIMUMSTELLINGER

Årstall	Minimumsteljing (tal dyr)
2004	109
2005	manglar data
2006	136
2007	152
2008	128
2009	146
2010	158
2011	101
2012	101
2013	99
2014	133
2015	107
2016	122
2017	146
2018	138
2019	100
2020	118
2021	116
2022	106
2023	101

Teljingane i åra frå 2004 til i dag viser ein total bestand på mellom 100 og 160 dyr. I enkelte år med låge tal har ein truleg ikkje klart å finne og telje alle dyra.

2.2 Slaktevekter

I eit lite villreinområde som Sunnfjord vert data over slaktevekter noko mangelfulle. Antalet registreringar vert for lite til å få sikre data og sjå trendar over tid. I tillegg bør det nemnast at Sunnfjord driv forvaltning meir eller mindre på individnivå, der dei identifiserer små og svake enkeltdyr og får jegerane til å ta ut desse spesifikke dyra under jakta. Når dei minste dyra vert tatt ut vert dei registrerte slaktevektene naturlegvis låge og det kan sjå ut som at kondisjonen på dyra er dårlegare enn den faktisk er.

Merk at det i tabellen er teke med nokre dyr med anslått slaktevekt. Dei vektene vert ikkje godkjende i materialet som Hjorteviltregisteret publiserer og heller ikkje tekne med i kvalitetsnormen.

TABELL 2. SLAKTEVEKTER I KG

Årstall	Hannkalv	Hunnkalv	Bukk 1,5 år	Simle 1,5 år	Buk 2,5 år+	Simle 2,5 år+
2021		23			81	41
2022	22	18	32		81	43,7
2023	16	19,3			68	50

TABELL 3. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; KJØNNS- OG ALDERSKORRIGERT SLAKTEVEKT FOR KALV

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 15 kg	15 – 18 kg	> 18 kg
Status i villreinområdet			19,7
Trend	Ikkje nok data		

Gjennomsnittleg slaktevekt på kalvar felte i 2021-2023 er 19,7 kg. Lågt tal på felte dyr gjer dette talet noko usikkert, men det er uansett godt plassert over grensa til god kvalitet.

2.3 Kalvetellinger

TABELL 4. KALVETELLINGER

Årstall	Antall telt	Kalv	Simle/ungdyr	Bukk	Kalv pr S/U
2014	133	29	104	0	27,9
2015	107	14	93	0	15,1
2016	122	32	90	0	35,6
2017	144	31	113	0	27,4
2018	138	31	84	23	36,9
2019	72	16	49	7	32,7
2020	118	26	74	18	35,1
2021	92	26	56	10	46,4
2022	106	18	73	15	24,7
2023	100	25	61	14	41

Vi har ein god tidsserie på kalveteljingar å basere på. Tala har svinga ein del. I kvalitetsnormen er tal frå 2006 til 2022 lagt til grunn, og i snitt har det i den perioden vore 33 kalv per 100 simle/ungdyr. I 2023 var talet 41, som er blant dei beste registreringane. Men framleis berre eit stykke oppe på middels tilstand.

TABELL 5. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; ANTALL KALV PR 100 SIMLE/UNG DYR

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 35	35 – 50	> 50
Status i villreinområdet	33		
Trend	Stabilt		

2.4 Strukturteljinger

TABELL 6. STRUKTURTELLINGER

Årstall	Antall telt	Bukk	Simle/ungdyr	Kalv
2019	100	9	22	
2020	118	17		26
2021	116	16		26
2022	106	16		17
2023	101	19	62	20

TABELL 7. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; ANDEL ELDRE BUKK (OVER 3 ÅR) PR VOKSEN (OVER 1 ÅR) SIMLE

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	< 0,2	0,2 – 0,35	> 35
Status i villreinområdet		?	
Trend	Ikkje nok data		

I teljingane er det ikkje skilt mellom bukk over 3,5 år og yngre bukk. Det er derfor vanskeleg å sette nøyaktige andel her. Med tanke på den totale bukkeandelen i teljingane er det grunn til å tru at andel eldre bukk per simle ligg på middels/gult nivå. Vurderinga må sjåast på som eit grovt estimat.

2.5 Genetisk variasjon

TABELL 8. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; GENETISK VARIASJON

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	> 3 %	0 – 3 %	0 %
Status i villreinområdet			x

Den genetiske variasjonen i Sunnfjord villreinområde vert i kvalitetsnormen klassifisert som god. Det er likevel ingen tvil om at det på litt sikt kan bli utfordring med innavl i ein sopass liten og dessutan oppdelt bestand som Sunnfjord.

2.6 Helsestatus

TABELL 9. KLASSIFISERING ETTER KVALITETSNORM FOR VILLREIN; HELSESTATUS

	Dårlig	Middels	God
Kvalitetsnorm	Påvist	(Benyttes ikke)	Ikke påvist
Status i villreinområdet			x

2.7 Fellingsstatistikk

TABELL 10. FELLINGSTAL FOR SUNNFJORD VILLREINOMRÅDE I PERIODEN 2000-2023

Jaktår	Tildelt totalt	Felte totalt	Fellingsprosent
2000	25	14	56
2001	17	13	76
2002	25	14	56
2003	20	12	60
2004	15	11	73
2005	25	19	76
2006	20	13	65
2007	23	18	78
2008	25	24	96
2009	25	17	68
2010	25	21	84
2011	20	9	45
2012	10	10	100
2013	6	6	100
2014	18	17	94
2015	Ikkje jakt		
2016	3	3	100
2017	20	19	95
2018	15	15	100
2019	15	13	87
2020	Ikkje jakt		
2021	3	3	100
2022	12	10	83
2023	8	7	88
Totalt	375	288	80,9

Både tildeling og felling har variert veldig gjennom perioden. Det var jamt høge tal fram til og med 2011, og har vore markant lågare etter det. Det har likevel vore enkeltår med høg tildeling og uttak samanlikna med bestandsstorleiken. Sunnfjord villreinområde har gjennomgåande høg fellingsprosent. I snitt i perioden er den på nett over 80 %, og mange år er den 100. Merk at år med låg fellingsprosent kan skuldast at villreinutvalet ikkje deler ut alle korta dei har kvote på.

2.8 Beiteforhold

Sunnfjord er det vestlegaste villreinområdet i Noreg, og beita er veldig prega av vestnorsk klima. Det betyr gode sommarbeite, men dårlege vinterbeite. Eit fuktig og mildt vinterklima gjer ikkje situasjonen enklare i den vanskelegaste tida for villreinen.

I kvalitetsnormen er lavbeita i Sunnfjord klassifisert til dårleg kvalitet.

3 MÅL FOR PLANPERIODEN

3.1 Hovedmål

Hovudmålet med forvaltninga av villreinen i Sunnfjordfjella er å berike fjellområda ved å sikre ein livskraftig villreinstamme med god kjønns og aldersfordeling, ein stamme som tek i bruk heile villreinområde og slik får tilgang til nødvendig leveområde over lang tid.

Målet er og ei forvaltning som gjev eit godt utbyte, knyta til jakt og oppleving.

Dette vil innebære følgjande.

- Å ta vare på og betre villreinområde sin kvalitet som leveområde for villreinen.
- Å sikre ein villreinstamme med sunne dyr og med ein naturleg samansetnad av kjønn og alder.
- Arbeide for ei human jakt med høg fellingsprosent.
- Informere jaktrettshavarane og jegerane om deira oppgåve i forvaltninga
- Sørge for regelmessig innsamling av data og kvalitetssikring av denne

3.2 Mål for bestandsstorleik

Sunnfjord Reinsdyrslag har eit mål om ein vinterbestand på 120-125 dyr, med følgjande fordeling:

- Ytre delområde: 30 dyr
- Midtre delområde: 50 dyr
- Indre delområde: 40-45 dyr

Det skal vere minimum 15 % vaksen bukk i bestanden.

3.3 Målsettingar for parametere i kvalitetsnormen

Delnorm	Måleparameter	Status i 2023	Målsetting
Bestandsforhold	Slaktevekt på kalv	19,7	Over 18
	Antall kalv pr. 100 simle/ungdyr	33	Over 40
	Andel eldre bukk pr. voksen simle		0,3
	Genetisk variasjon	God	God
	Helsestatus	God	God
Lavbeiter	Lavbeiter	Dårleg	Dårleg
Leveområder	Funksjonell arealutnyttelse	Dårleg	Middels
	Funksjonelle trekkpassasjer	Dårleg	Middels

Dårlege lavbeite er det lite å gjere med i den lokale forvaltninga.

4 HANDLINGSDEL

4.1 Avskytingsplan

TABELL 10. TEORETISK AVSKYTINGSPLAN

År	Vinterstamme	Kalv/100 SU (snitt)	Netto-tilvekst	Kvote	Uttak ved 80 % felling	Naturlig avg. 8 %	Rest
2024	101	33	21	12	10	8	104
2025	104	34	22	12	10	8	108
2026	108	35	23	12	10	9	113
2027	113	36	25	12	10	9	120
2028	120	37	27	16	13	10	125

TABELL 11. PLAN FOR FORDELING AV KVOTE PÅ ALDER OG KJØNN.

Kategori	Kalv	Simle/ungdyr	Fritt dyr
% uttak	40	40	20

For å klare å auke rekrutteringa , altså få tal på kalv per 100 simle/ungdyr over 40, so bør ein auke andelen vaksne og produktive simler i stammen. I førre planperiode var det fokus på å ta ut ein del eldre og ikkje-produktive simler. Det har nok vore medverkande til at det i perioden 2014-2023 berre er felt 8 % ungdyr (1,5 åringar av begge kjønn). I den komande perioden bør ein derfor freiste å fokusere på ungdyr i uttaket, og heller spare vaksne simler.

4.2 Andre tiltak:

- Gjennomføre minimumsteljing på vinterstid kvart år og rapportere desse til Hjorteviltregisteret
- Gjennomføre kalveteljing kvart år i samarbeid med NINA og rapportere desse til Hjorteviltregisteret.
- Gjennomføre strukturteljing kvart år etter jakt og rapportere desse til Hjorteviltregisteret.
- Alle felte dyr skal vegast nøyaktig. Både felling og vekt skal rapporterast til Hjorteviltregisteret (Sett&Skutt) av jegerane sjølv straks etter felling.
- Det skal takast CWD-prøver av alle felte dyr eldre enn kalv.
- Villreinutval og villreinnemnd må jobbe opp mot lokale, regionale og nasjonale myndigheiter med tanke på å få meir funksjonelle trekkpassasjer og meir funksjonell arealbruk i heile villreinområdet.